

”Tryggleik, trivsel, livskvalitet for alle.”

Risiko og sårbarheit i Radøysamfunnet. Rullering av ROS 2013-14.

Tittelen på rapporten er mottoet som politikarane har sett opp som rettesnor for arbeidet sitt som ombodsmenn for folket i kommunen. Såleis vert dette og rettesnora som dei tilsette skal følgje i sitt daglege virke. Radøy ønskjer og å vere eit ”langsamt samfunn”. Det fokuset på det gode liv som dette syner, meiner arbeidsgruppa gjev eit særskilt godt fundament for arbeidet med risiko og tryggleik.

Innleiing.

I arbeidet med rullering av den overordna Risiko Og Sårbarheitsanalysen (ROS) for radøysamfunnet, har ein komme djupare ned i problematikken knytt til risiko, sårbarheit, tryggleik og sannsyn enn det ein kunne gjere då analysen var ny i 2006.

Arbeidsgruppa har for ein stor del hatt dei same medlemmane no som den gong, og det trur gruppa har vore ei styrke.

Gruppa har mellom anna hatt høve til å grave seg ned i problematikken knytt til lokalsamfunnet og menneska sin verksemd i eit slikt lite samfunn.

På den eine sida har slik små samfunn mindre ressursar i form av pengar, og ein har ikkje høve til å ha store og tunge offentlege etatar med mange tilsette med all slags kunnskap. Men på den andre sida kan det vere kort veg mellom leiring og folk flest, og den kunnskapen om lokale tilhøve og naudsynt erfaring som finst i ”folkedjupet”.

Arbeidet har avdekkja at det er menneska sine eigne handlingar, feilsteg eller likesæle som er opphavet til dei fleste alvorlege hendingane som vi har trong til å førebu oss på. Men arbeidet har også gjort oss merksame på i kor stor grad planar som er laga men ikkje nytta, trua på moderne teknologi og mangel på lokal kunnskap, gjer samfunnet vårt ekstra sårbart.

Dei små lokalsamfunna har til alle tider vore langt frå sentrale styresmakter og har måttå lært seg å stole på eigne krefter. Til ein stor grad har ein til og med ignorert sentrale styresmakter og levd sine eigne liv.

Gruppa trur at nettopp i møtet med det menneskeskapte og slik sett det lokale, som ligg bak mange hendingar, er det arbeidet med solidariteten, ansvaret, handlekrafta og sjølvtilletten i vårt eige samfunn som vert avgjerande for korleis utfallet vert av at ei hending oppstår.

Tid er alltid ein viktig faktor når skadeomfang skal avgrensast og liv bergast. Difor trur gruppa at det vidare arbeidet med å førebu samfunnet på mogelege hendingar, like mykje bør fokusere på å skape tillit og lim i lokalsamfunnet som å vende seg til overordna styresmakter for å be om nye lovar eller meir pengar.

Truleg har vi planar og kunnskap nok. Det me treng meir av er vilje til ansvar på alle nivå og evne til å sjå at kunnskapen me treng først og fremst finst her lokalt. Når me berre vågar å sjå oss sjølv som den største ressursen samfunnet vårt har, vil me og kunne førebu oss så langt det er mogeleg og deretter tru på at når ulykka er ute, då veit kvar og ein av oss kva som er rett handlemåte.

Arbeidet i gruppa.

Gruppa har hatt følgjande medlemmer Harald J. Stanghelle, Jørgen Bleikli, Åse Turid Eide Frammarsvik, Rita Amundsen, Kjersti Flatråker og Eli Bjørklid.

Det oppdraget gruppa fekk frå rådmannen kan kort refererast slik:

Rullere eksisterande ROS – analyse for kommunen.

Vurdere på kva måte FylkesROS for Hordaland skal arbeidast inn i kommunen sin analyse.

Vurdere om ansvarstilhøve og samarbeidsmoglegheiter skal endrast i høve til gjeldande ROS.

Gje forslag til korleis arbeidet med ROS kan verte ein del av det dagleg arbeidet i kommunen sine ulike einingar

Rapporten frå gruppa består av følgjande element:

1. Analyserapport. Database som syner dei mogelege hendingar gruppa har vurdert, og kva rangering desse har fått med omsyn til trugsmål mot samfunnet, sannsyn og verknad. Databasen syner og kva førebyggjande tiltak gruppa meiner kan/bør settast i verk.
2. Samanlikning mellom FylkesROS og RadøyROS samt drøfting og grunngjeving for kvifor gruppa i liten grad meiner FylkesROS høver som mal for kommunen sin ROS.
3. Framlegg til korleis arbeidet med ROS i kommunen, kan finne sin plass i organisasjonen. Planen syner ansvar og kommunikasjon nedover og oppover i verksemda Radøy kommune med underliggjande tenestestader.
4. Framlegg til rutinar i internkontrollen:
 - for årleg rullering av ROS – tryggleiksveke.

Delane 1, 2, 3, og 4 før som vedlegg. Nedanfor føl ein kort kommentar til ROS som fenomen og til risiko og sårbarheit i eit lokalsamfunn som t.d. Radøy.

Kommentar i samband med rapporten.

Gruppa vil peike på følgjande:

Kort om resultatet av analysearbeidet.

Arbeidet med å vurderer kva hendingar som vil få størst verknad for radøysamfunnet tok utgangspunkt i mandatet gruppa hadde fått frå rådmannen og i den alt eksisterande rapporten frå 2006. ROS-analysen omfattar hendingar som kan/vil ramme større grupper menneske og går ut over daglege hendingar. Desse daglege hendingane reknar me med at det ordinære hjelpeapparatet taklar tilfredsstillande. ROS-analysen gjeld hendingar i fredstid. Etter grundig vurdering enda gruppa opp med følgjande ti hendingar som dei mest dramatiske for radøysamfunnet:

.....

Gruppa såg til Nasjonalt risikobilde 2013, der desse områda frå 2013 Nasjonalt områda er vekta i analysen.

ekstremvær - flom - skred - epidemi - skogbrann
større ulykker som farleg stoff - skipsulykker - atomulykke
terroranslag - det digitale rom

I arbeidet med analysen har ein vurdert kor sannsynleg det er at ei hending vil inntreffe, kva følgjer det vil få om hendinga inntreff – for liv og helse, for miljøet, for materielle verdiar. Desse målestokkane har vorte vekta mot kvarandre etter eit system (sjå vedlegg 1), og dette har så gitt rangeringa mellom dei ulike hendingane. Til sist har ein teke for seg desse ti

vikta hendingane og komme med framlegg til tiltak for å førebygge skader, eller redusere verknadene av hendingane mest mogeleg dersom ei hending likevel har skjedd (vedlegg 1).

I arbeidet skulle vi og vurdere RadøyROS opp mot FylkesROS for Hordaland. FylkesROS for Hordaland var ferdig i 2009. Føremålet med samanlikninga var todelt – for det første skulle vi sjå om det fantes hendingar/risiko som var vurdert i FylkesROS, som me i kommunen hadde oversett. For det andre skulle vi sjå om metodikken som FylkesROS hadde nytta var betre eller gav eit meir solid resultat enn vår eigen metodikk frå 2006.

Resultatet av samanlikninga ligg ved som tabell i vedlegg 2.

Det synter seg at metodikken som var følgd av fylkesmannen var mindre konsistent enn vår eigen, og at dette førte til eit resultat med omsyn til hendingar og risiko som høvde därlegare for lokalsamfunnet Radøy, enn vår eigen metodikk. Gruppa vurderte det og slik at dokumentet FylkesROS var for ordrikt, omfattande og lite eigna som grunnlag for å utforme tiltak. Såleis har gruppa valt å vidareføre metodikk og rapporteringsform frå førre gong.

Det gruppa likevel såg kunne vere ein styrke, var å prøve ei gruppering av dei ulike hendingane ut frå kva som er utløysande faktor – hendingar i naturen som ligg utanfor menneska/samfunnet sin kontroll i ei gruppe, og hendingar utløyst av menneskeleg aktivitet i ei anna gruppe.

Resultatet av denne grupperinga føl nedanfor:

Gruppering av årsaker/hendingar:

- 1) – hendingar utløyst av menneska sin eigen aktivitet/eller mangel på aktivitet
- 2) – hendingar utløyst av naturkreftene

Namn på hending	risiokoscore	menneskeskapt	Naturskapt
Skogbrann	16	Ja	
Grunnstøyting	9	Ja	
Oljeutslepp til sjø	9	Ja	
Bemanningssvikt	9	Ja	
Storm/orkan	9		Ja
Ny teknologi	8	Ja	
Liten dekn. Komm.	8	Ja	
Annan brann, land og sjø	6	Ja	
Utslepp til drikkevatn	6	Ja	
Svikt i komm. system	6	Ja	
Konstruksjonsbrist	6	Ja	
Planar gjennomføring og bruk	6	Ja	
Oljeutslipp på land	4	Ja	
Sabotasje	4	Ja	
Frakt, farlig gods, land og sjø	4	Ja	
Flystyrt	4	Ja	
Svikt i el-tilførsel	4	Ja	
Kollisjon på land og sjø	4	Ja	
Kulde	4		Ja
Ras	3		Ja
Epidemiar/pandemiar	3		Ja
Terrorangrep	3	Ja	

Flom	2		Ja
Utslipp farlig avfall	2	Ja	
Eksplosjon, land og sjø	2	Ja	
Smittsame dyresjukdommar	2		Ja
Lynnedslag	2		Ja
Manglande planar/førebuing	2	Ja	
Tørke	1		Ja
Reaktorulukke	1	Ja	

Ein ser at det berre er storm/orkan som er av noen tyngd av naturkraftene her hos oss. Menneska sin eigen aktivitet skapar langt dei fleste situasjonar tross planar, analyser og kartlegging.

Dette meiner gruppa er eit viktig funn. For på kva måte skal lokalsamfunnet arbeide ut tiltak som retter seg mot menneska si likesæle eller vankunne eller vordløyse?

Utan samanlikning elles synter rapporten frå 22.juli kommisjonen, at grunnane til at førebuingane ikkje verka denne dagen helst låg i at ansvaret for det som skulle gjerast ikkje var klart nok, eller ikkje vart teke, eller at dei som hadde ansvar ikkje var til stades?

Og i eit lokalsamfunn som Radøy ligg det føre mange planar, men ligg dei skuffen? Er dei kjende og er ansvaret for å nytte dei klart nok. Og må planane vike når det manglar pengar? Såleis meiner arbeidsgruppa at arbeide med ROS har avdekkja at gjennomgang av planar, fordeling (delegering) av ansvar og ikkje minst oppøving av vilje til å take ansvar, kanskje er det viktigaste arbeidet for å førebu lokalsamfunnet på verknadar av menneska sine eigne aktivitetar på land og sjø, i skog og mark, og i ulike offentlege samanhengar.

Kontinuerleg arbeid.

Arbeidet med ROS og berdeskap, må vere eit kontinuerleg arbeid. Dette arbeidet bør skje både på politisk og administrativt nivå. Politisk nivå må inn av di det er her planar og visjonar for det framtidige samfunnet vert forma ut. Det er og politikarane som vedtek budsjettet og kva tiltak som skal settast ut i livet. ROS må ha ein plass i visjonane og i budsjetta. Politikarane er og meinig mann sine ombod, og må difor og ta ansvar for å skape trygge og gode lokalsamfunn.

Det administrative nivået har ansvar for å implementere omsynet til tryggleik og førebuing på hendingar i det daglege arbeidet.

Funna i den kommunale overordna ROS`en må sildre ned og ut til den einskilde avdeling/etat, slik at dei på sitt nivå kan lage analyse for dei hendingane som kommuneROS avdekkar og som høyrer under den einskilde etat: t.d. skogbrann under landbrukskontoret.

Brot i kommunikasjonane er ei hending i seg sjølv – t.d. som følgje av sabotasje eller storm. Men rosarbeidet har og avdekkja at mest alle hendingar vil føre til kaos i kommunikasjonane. Korleis dette skal møtast er ein viktig ting å diskutere. I vårt samfunn er ein vant til å kunne ringe med ein gong, og ”alle” gjer det. Med samanbrot som resultat. Korleis skal ein då informere når nett og telefon er nede: sykle rundt til dei det gjeld, eller tenne ein verde for å informere alle? Kort sagt – når arbeidet med overordna ROS er slutt – tek arbeidet med å utvikle tiltaka til – og dette arbeidet held fram til minst til neste gong ROS vert rullert.

Radøy kommune er i ferd med å bygge opp ein ny organisasjon. Det er såleis vanskeleg for arbeidsgruppa å komme med framlegg til kor arbeidet med tryggleik og sikkerheit best kan

høve inn. Gruppa vil difor berre streke under at i arbeidet med ROS er korte kommandoliner og lite byråkrati viktig. Det må vere klart korleis informasjonen skal gå i systemet og det må vere kjend av alle kven som har ansvar.

Årleg veke for tryggleik.

Dette trur gruppa kan vere ein enkel måte å gjennomføre den årlege rulleringa. Ein trur og dette kan vere med å auke fokuset på arbeidet med risiko og tryggleik. I ei slik ”tryggleiksveke” kan det vere mogeleg, i tillegg til at einingane ser gjennom sine eigne fagområde, å arrangere tryggleiksdag ute i samfunnet. Ein kan trekke inn barnehagar og skular, verksemndene i kommune, halde øvingar eller på andre og nye måtar gjere risiko og tryggleik til tema som innbyggjarane ser vert teke på alvor. *Politikarane må vere med å spele ei rolle i ei slik tryggleiksveke. Då vert arbeidet forankra og folk flest kan sjå at deira ombodsmenn reelt sett er opptekne av tryggleik og risiko.*

Sekretariat.

Det er det politiske nivå v/ordførar og formannskap som har det øvste ansvar for arbeidet med ROS. Den daglege driftinga av arbeidet er delegert til rådmannen. Kommunen har nå tilsett tryggleikskoordinator i halv stilling. Dette er særslig positivt. Denne personen føl opp med opplæring av tilsette, utarbeiding opplegg for årleg rulling, er sekretær for organisasjonen og syt for kommunikasjon med og rapportering til politisk nivå.

Men burde og denne koordinatoren kunne arbeide meir aktivt med risiko og sårbarheit generelt? Ta opp tematikken i politiske fora – t.d. hovudutvalet og formannskapet – og legge til rette for økt kunnskap og forståing for arbeidet med ROS som noko som er forskjellig frå beredskap? Arbeidsgruppa trur at auka forståing for kva tryggleik er, og vil gjere det lettare å arbeide med dei konkrete tiltaka. Det vil også gjere det lettare å løfte fram lokalsamfunnet og kunnskapen som alt finst i samfunnet sjølv, som grunnlag for handlingar og åtferd.

At kommunen har tilsett tryggleikskoordinator, syner at ROS-arbeidet etter kvart har fått høgare status, men i ein stadig meir brokete verden, vil det kanskje vere ein god investering å oppgradere og synleggjere dette arbeidet enno meir både internt og for omverda. Kanskje finst det prosjektmidlar og andre kjelder til finans som på sikt kan tilføre kommunen pengar til arbeidet, dersom det vert følgt opp på ein god måte?

Med dette takkar gruppa for eit interessant oppdrag.

Manger 7/3 - 2014

For gruppa :

Jørgen Bleikli, Rita Amundsen, Kjersti Flatråker, Eli Bjørklid og Harald J. Stanghelle.

Harald J. Stanghelle
(sign)

- Vedlegg 1 Analyserapport. Database med funn og tiltak – PDF dokument
- Vedlegg 2 Samanlikning mellom FylkesROS og RadøyROS
- Vedlegg 3 Framlegg til organisasjonsplan (kort)
- Vedlegg 4 Idenotat – årleg tryggleiksveke

Til analysen ligg akseptkriteria frå kommunestyret til grunn.

Begrep	Liv og helse	Miljø	Økonomiske verdiar
Ufarleg	Ingen personskader	Inga miljøskade	Skader opp til 100 000
Ei viss fare	Få og små personskader	Mindre miljøskade	Skader opp til 500 000
Kritisk	Få, men alvorlege personskader	Omfattande skade	Skader opp til 7 millionar
Farleg	Opp til 2 døde Opp til 5 alvorleg skadde Opp til 20 evakuerte	Alvorleg skade på miljø	Skader opp til 35 millionar
Katastrofalt	Over 2 døde Over 5 alvorleg skadde Over 20 evakuerte	Svært alvorleg og langvarige skade på miljø	Skader over 35 millionar

SANNSYNLEGHEIT	DEFINISJON
Sær sannsynleg	Ei hending per år eller oftare
Mykje sannsynlige	Ei hending per 1–10 år
Sannsynleg	Ei hending per 10–100 år
Mindre sannsynleg	Ei hending per 100–1000 år
Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending per 1000 år

Vedlegg 2 Samanlikning mellom FylkesROS og RadøyROS.

Nedanfor følgjer et oppsett som har fylkesROS på den eine sida og RadøyROS på den andre. Inndelinga føl fylkesROS, og det er gjort et forsøk på å plassere Radøy ROS inn i denne inndelinga. Da ser vi lett kva vi manglar, og kva vi har ekstra.

5. Klima og naturulykker, fylkesROS	Tilpassing av RadøyROS
Ekstremnedbør: Tendens: aukande Sannsynlig Kritisk verknad	Tema finnes ikkje i RadøyROS
Flom: Tendens: aukande Lite sannsynlig Alvorlig verknad	Flom: Tendens: stabil Sannsynlig Kritisk verknad
Skred: Tendens: aukande Sannsynlig Moderat verknad	Ras: Tendens: stabil Lite sannsynlig Farlig verknad
Sterk vind: Tendens: stabil Lite sannsynlig/usannsynlig Moderat verknad	Storm/orkan: Tendens: aukande Sannsynlig Katastrofal verknad
Høg vassstand: Tendens: stabil (?) Usannsynlig/sannsynlig Moderat verknad	Tema finnes ikkje i RadøyROS
Jordskjelv: Tendens: stabil (?) Lite sannsynlig Moderat verknad	Tema finnes ikkje
Tema finnes ikkje	Lynnedslag: Tendens: stabil Lite sannsynlig Kritisk verknad
Tema finnes ikkje	Kulde: Tendens: aukande Sannsynlig Farlig verknad
Tema finnes ikkje	Tørke: Tendens: stabil Lite sannsynlig Katastrofal verknad
6. Epidemiar og helseberedskap.	
Influensa og pandemi: Tendens: aukande Sannsynlig Alvorlig/katastrofal verknad	Epidemiar/pandemi: Tendens: aukande Lite sannsynlig Farlig verknad
Legionella: Tendens: stabil (?)	Tema finnes ikkje

Usannsynlig Alvorlig verknad	
Smitte via vann og mat: Tendens: fallende Lite sannsynlig Alvorlig verknad	Utslipp til drikkevatn: Tendens: stabil Mindre sannsynlig Farlig verknad
Andre infeksjonssjukdommar: - barnesjukdommr - tuberkulose - sjukehusinfeksjon Tendens: stabil Lite sannsynlig Alvorlig verknad	
Bioterror Tendens: stabil Lite sannsynlig Alvorlig verknad	Sabotasje: Tendens: aukande Lite sannsynlig Katastrofal verknad
Konsekvens for helsevesenet: - mangel på personell - mangel på senger - mangel på utstyr	Manglende førebuing og planer: Tendens: fallende Lite sannsynlig Kritisk verknad
Konsekvens for andre etatar: - matforsyning - vassforsyning - og så vidare!	Bemanningssvikt: Tendens: aukande Sannsynlig Farlig verknad
7. Fiskesjukdommar, oppdrett, dyresjukd.	
- fiskesjukdom - lakselus - gyrodactylus salaris - rømming av laks - tømming av ballastvavn Tendens: stabil Lite sannsynlig Store økonomiske konsekvensar	Smittsomme dyresykdommer: Tendens: aukande Lite sannsynlig Kritisk verknad
Dyresjukdommar: - munn og klopsyke - skrapesyke - salmonellose - sykdom på svin - sykdom på fjørfe - blåtunge - fotråte Tendens: stabil Lite sannsynlig Moderat verknad	
8. Svik i kritisk infrastruktur.	
- Dambrot - Drikkevassforsyning - Kloakkutslipp	Svikt i eltilførsel: Tendens: aukande Sannsynlig

<ul style="list-style-type: none"> - Kjemisk ureining - Leidningsbrot - Klimaendringar - Svikt i energiforsyning - For sjukehus - Tele- og radiokommunikasjon - Samferdsel - Olje- og gassproduksjon - Vann og avløp - Oppdrett og landbruk - Rasjonering av elkraft - IKT tenester - Operativ svikt - Svikt i tele- og dataforsyning - Svikt i kommunikasjonssystem <p style="text-align: center;">Tendens: aukande</p> <p>Sannsynlig Kritisk verknad</p>	<p>Farlig verknad</p> <p>Utslipp til drikkevatn: Tendens: stabil</p> <p>Mindre sannsynlig</p> <p>Farlig verknad</p> <p>Konstruksjonsbrist: Tendens: stabil</p> <p>Lite sannsynlig</p> <p>Farlig verknad</p> <p>Hacking: Tendens: aukande</p> <p>Sannsynlig</p> <p>Ein viss fare</p> <p>Svikt i kommunikasjonssystem: Tendens: aukande</p> <p>Sannsynlig Kritisk verknad</p>
<p>Svikt i transportsektoren:</p> <ul style="list-style-type: none"> - veg - jernbane - luftfart - sjøfartøy - uønsket hending på vegnett, osv - stengte veger, osv <p style="text-align: center;">Tendens: stabil</p> <p>Lite sannsynlig Små konsekvensar</p>	<p>RadøyROS har svikt i transport som ein følgjehending av ras, flom, svikt El-tilførsel og IKT osv.</p>
<p>9. Storulykker og masseskade.</p> <p>Kjemikalieulykker ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> - farlig gods - større brann - eksplosjonar <p>Transportulykker med farlig gods</p> <p>Tunnelulykker med brann og farlig gods</p> <p>Masseskade ved brann</p> <p>Masseskade ved samferdselsulykker og på andre arenaer: veg, tog og bane, sjøfart, luftfart, bygningar og konstruksjonar, arrangement</p>	<p>Skogbrann Grunnstøyting Annen brann på land og sjø Frakt av farlig gods på land og sjø Flystyrt Kollisjon på land og sjø Konstruksjonsbrist Utslipp av farlig industriavfall Eksplosjon på land og sjø</p>
<p>10. Atomulykker og radioaktiv stråling:</p> <ul style="list-style-type: none"> - militære ulykker - stasjonære kjelder - kjelder på avveg - nedfall av satellittar - terrorhandling - radonstråling <p>Sannsynlig – alvorleg verknad</p>	<p>Reaktorulykke: Tendens: aukande</p> <p>Svært usannsynlig Ein viss fare</p>

11. Akutt ureining. - utslipp frå skip - utslipp frå landtransport - utslipp frå landbasert industri og bunkersanlegg	Oljeutsipp til sjø Oljeutsipp land Utslipp av farlig industriavfall
	Tema i RadøyROS som fylket manglar.
	Bemanningssvikt Ta i bruk ny teknologi Sabotasje – generelt Hacking Konstruksjonssvikt – generelt Manglande planer og førebuing – gen. Terrorangrep – generelt
Val av gradering (omgrep og nivå): Grad av sannsyn: - usannsynlig - lite sannsynlig - sannsynlig grad av konsekvens: - moderat - stor - katastrofal områder som rammes: - liv og helse - miljø - økonomi	<ul style="list-style-type: none"> - svært usannsynlig - lite sannsynlig - mindre sannsynlig - sannsynlig - svært sannsynlig <ul style="list-style-type: none"> - ufarlig - ein viss fare - kritisk - farlig - kritisk <p>Strømforsyning, vann/avløp, ureining, liv og helse, informasjon, infrastruktur</p>

Tabellen samanlikner ROS for Hordaland (FylkesROS) med vår eksisterande ROS som vi lagde i 2006. (Rullert 2009) FylkesROS var ferdig i 2009, og er gjeldande ROS for fylket. Hensikt med denne samanlikninga er å få et overblikk over forskjellar og likskap, slik at vi kan gjøre oss opp ei meining om korleis disse to dokumenta (vår ROS og fylkesROS) kan tilpasses.

FylkesROS er et tykt dokument (150 sider), mens vårt dokument er veldig tynt. Vårt dokument er nesten utan ord, men fylkesmannen har ein masse ord. Tar ein vekk alt fyllstoffet frå fylkesmannen sitt dokument, blir det igjen omtrent så mange sider som det vi har.

Prinsippet i vårt dokument var å sjå på ymse hendingar og verknaden dei har på viktige samfunnsmessige parameter (strømforsyning, vatn/avløp, ureining, liv og helse, informasjon, infrastruktur). Fylkesmannen har angrepet temaet frå ein ”blanda” synsvinkel. Dette er delvis grunnen til at dokumentet blir stort, fordi det da blir nødvendig å ta opp verknadar overfor samfunnet fleire plassar.

De tema som fylkesmannen har tatt med er klimaendringar og naturulykker, epidemiar og helseberedskap, fiskesjukdommar og oppdrett, dyresjukdommar og landbruk, svikt i kritisk infrastruktur, storulykker og masseskade, atomulykker og radioaktiv stråling, akutt forureining. Under disse overskriftene er det mange underpunkt som etter fylkesmannen sin

meining kan bli påverka ved ei hending. Ein stor svakheit ved denne måten å tenke på er at det er usikkert om ein verkelig har klart å fange opp alle dei ”stadene” som faktisk vil bli påverka ved for eksempel ei atomulykke, og like eins om ein har klart å fange opp alle de hendingane som faktisk kan føre til radioaktivt nedfall. Det blir såleis et visst preg av ”tenk på et tall” over denne måten å gjennomføre analysen på.

RadøyROS har et punkt som heter Reaktorulykke og under dette er det analysert kven av de samfunnsmessige parametrane som vil bli påverka. På den måten slipp ein å tenke på kva som er utegløymt, og får ei overordna og felles tilnærming som gjør det mulig å tenke på korleis vi eventuelt skal forberede oss på at ulykka kan komme.

Eit anna element i FylkesROS er at sjølve ROSEN er nokså uklar – ordbruken er ikkje konsistent og det er derfor ikkje alltid lett å forstå kor sannsynlig ei hending kan være, og kor alvorlig konsekvensane vil bli.

RadøyROS er her mye meir konsistent og måten vi har satt det hele opp skjematiske, gjør det lett å forstå.

Noko vi kan gjøre betre er derimot tematisering. Truleg bør alt som handlar om naturulykker samlas under eitt punkt, alt som skyldes menneskelig svikt under et anna. Rangeringa internt i gruppa vil da synliggjøre den alvorlegaste hendinga. Og etterpå kan de ulike tema samanliknas, og vi vil lett sjå kor dei største trugsmåla mot samfunnet er å finne. Truleg er det ikkje frå naturen, men frå vår eiga likesæle eller ”angst” og ”hat” at samfunnet møter de største utfordringane? (Tabellen der me sette opp grupperinga som nemnt over, er teke inn i kommentaren til rapporten på side 3, og prinsippet for gruppering syner att i analyserapporten/databasen)

Etter dette notatet var utarbeid, hadde gruppa diskusjon om vi skulle følgje fylket sitt oppsett, Eller arbeide vidare i ”vårt eige spor”.

Det vart og halde eit møte med ein representant for beredskapsavdelinga hjå fylkesmannen, som har arbeidd ut dokumentet deira. Føremålet med møtet var mellom anna å avklare korleis me kunne tilpasse vårt arbeid.

Konklusjonen etter møtet og etter diskusjon i gruppa, vart at det var meir høveleg for resultatet av arbeidet å halde fram med vår eigen systematikk.

Vedlegg 3 Framlegg til organisasjonsplan (kort)

Rådmann

Ordførar

Tryggleikskoordinator

Kommunalsjef 1

Kommunalsjef 2

Kommunalsjef 3

Fagsjefar

Vanlege medarbeidrarar

Tryggleikskoordinatoren tek sine ”oppdrag” frå både politisk og organisatorisk nivå.
Han er ein hjelpar. Han kan ta initiativ overfor kommunalsjefar og andre.

Han ”vandrar” fritt i organisasjonen.

I det daglege er han likevel underlagt rådmannen.

Vedlegg 4 Idenotat om tryggleiksveke.

TRYGGLEIKSVEKE:

- sett fokus på tryggleik både internt i organisasjonen og eksternt i samfunnet
- samarbeider med og engasjerar både folk flest, dei tilsette, politikarar, kunst og kultur, skule, barnehage, politi, brann, statsministeren ++
- sett fokus via mange typar arrangement og hendingar
- arbeider og med rullering av ROS
- kan ta opp særskilte tema – t.d. frykt – og sjå nærare på det frå mange vinklar (filosofisk, psykologisk, som skodespel eller musikk, frå born og unge, eldre)
- koordinatoren får ei arbeidsgruppe til hjelp. Gruppa kan ha nye medlemmar kvart år, avhengig av tema og fokus
- tryggleiksveka skal evaluerast og utviklast
- tryggleiksveka skal heise fana for ”trykkleik, trivsel, livskvalitet for alle”, for ansvar, sjølvkjensle og byrgskap for lokalsamfunnet.

Tryggleiksveka er meint å verta lagt inn i eit årshjul som startar årleg arbeid med oppdateringar andsynes beredskap. Gruppa rår til at det vert sett ein milepel slik at arbeidet vert målbart på gjennomføring kvart år.